



Tiltaksstrategi for tiltak i beiteområde 2023- 2025

Sykylven kommune

1. Innleiing

Føremålet med ordninga er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

Tiltaksstrategien baserer seg på «*Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde*». Rundskriv 2019/45 frå landbruksdirektoratet gjev utfyllande kommentarar til forskrifta.

2. Kven kan søkje?

Beitelag og andre former for organisert samarbeid (t.d. grunneigarlag, radiobjellelag eller liknande) som er registrert i einingsregisteret og som driv med næringsmessig beitedrift kan søkje om tilskot til tiltak i beiteområde.

I område der det pga. naturgitte eller driftsmessige høve ikkje ligg til rette for samarbeid kan føretak som oppfyll krava i forskrift om produksjons- og avløysartisskot § 2 også søkje om tilskot.

3. Særtrekk og utfordringar i Sykkylven kommune

Sykkylven kommune har store område med utmarksbeite. Ein ser likevel at tal dyr på utmarksbeite har gått sterkt ned dei siste 20 åra, dette gjeld spesielt for sau. Aukande interessekonflikt rundt bruken av utmarka har gjort det meir utfordrande for landbruket å ta i bruk utmarksressursane. Utstrakt hyttebygging, fritidsbruk, laushundar, manglande gjerde mot utmark og inngjerding av hyttetomter er blant faktorane som fører med seg utfordringar for beitenæringer. Kommunen har blant anna registrert at gjerdeføreseggnene på fjellet og bandtvangreglane i alt for stor grad ikkje vert respekterte, noko som har resultert i skader og dyretap fleire år på rad.

4. Tiltak og prioriteringar

4.1. Generelle prioriteringar

- Søknader frå beitelag om fellestiltak i beiteområde vil verte prioriterte, framfør søknader frå enkeltbrukarar som ikkje driv organisert beitebruk.
- Investeringar i teknologi som fremmar bruk av utmark til beite, samt sperregjerder og sanke- og skilleanlegg vil verte prioriterte.
- Utarbeiding av beitebruksplaner for utmarksbeite, prosjekt som aukar beitebruken, samt vegetasjonskartleggingar vil verte prioriterte.
- Dersom søknadsomfanget i 2023 - 2025 blir større enn ramma for tilskot kan søknader avslåast pga. knappheit på midlar.

4.2. Type tiltak

Tilskotet er delt inn i to ulike grupper tiltak - Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt, samt tilskot til investeringar knytt til utmarksbeita.

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan vere ulike typar prosjekt som rettar seg mot organisering og tilrettelegging av utmarksbeita for god og effektiv beitebruk. Dette kan m.a. omfatte:

- Planlegging og prosjektering av faste installasjoner.
- Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområde.
- Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita.
- Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan bidra til effektiv og god beitebruk.
- Utarbeiding av planar (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan mv.) for utmarksbeite.
- Vegetasjonskartlegging.

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan gjevast inntil 70 % tilskot.

Vidare kan ein få tilskot til mobile og faste investeringstiltak. Dette kan omfatte:

- Sperregjerder som skal hindre beitedyr i å komme ut av beiteområdet. Sperregjerder kan også tene til å avgrense beiteområdet mot veg, jernbane, tettbygde strok og samanhengande jordbruksområde. Det kan ikkje gjevast tilskot til gjerdning mellom inn- og utmark som fell inn under lov om grannegjerde. Tiltaket kan gjevast inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Ferister som er av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar. Tiltaket kan gjevast inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Bruer. Ein kan gje tilskot til bruver som er dimensjonert for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller del av tilskot reduserast tilsvarende. Tiltaket kan gjevast inntil 20 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Gjeterhytter. Kostnadsoverslag for gjeterhytter kan omfatte hytter på inntil 20 m² med kvadratmeterpris som tilsvara gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området. Tiltaket kan gjevast inntil 20 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Sanke- og skilleanlegg. Tiltaket kan gjevast inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Anlegg/rydding/ utbetring av driftevegar. Tiltaket kan gjevast inntil 25 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Saltsteinsautomater. Tiltaket kan gjevast inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Transportprammer. Tiltaket kan gjevast inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Elektronisk overvåkingsutstyr (radiobjeller, lammenoder, merkesavlesere, findmysheep, droner mv.). Ved innkjøp av elektronisk overvåkingsutstyr kan det gjevast tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Dette gjeld for inntil 50 % av dyretalet i beitelaget/besetninga.
- Elektronisk gjerde (f.eks. av typen Nofence). Tiltaket kan gjevast inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.

5. Frist for gjennomføring

Tiltaket skal vere gjennomført innan 3 år etter at tilskotet vart innvilga, med mindre kommunen har sett ein kortare frist. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart innvilga.

6. Utbetaling

Tilskotet vert utbetalt etterskottsvise, når tiltaket er gjennomført. Det kan føretakast delutbetalingar

etter kvart som tiltaket er gjennomført. Minst 25 % av tilskotet skal haldast tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskapet er godkjent.